
Vår referanse 2020/49744-4
Dato 26.05.2020

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til høyring av søknad om grunnvassuttak på Hauge i Lærdal kommune


Kulturminnefagleg fråsegn

Vi viser til brev datert 30.04.2020 frå NVE.

Bakgrunn

Konsesjonssøknaden omfattar grunnvassuttak ved Hauge, som ny vasskjelde for Lærdal vassverk. Vassverket forsyner heile kommunesenteret Lærdalsøyri, samt busetnad opp forbi sjukehuset ved Ofta. Grunnvassanlegget skal også forsyne drikkevatt til eksisterande og nye abonnentar ved Håbakken, der eksisterande vassverk ikkje er tilfredsstillande og skal utfasast. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Automatisk freda kulturminne



Figur 1 Kart som synar kulturminne i nærleiken av planområdet, fylkesatlas.no

Vestland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging.

Om lag 400 meter sør-aust for planområdet, på gbnr. 23/1 ligg Hauge gamle kyrkjegard, id. 138276. I følge Riksantikvaren sin kulturminnedatabase vart kyrkja reist i mellomalderen, men riven i 1870 etter at nye Hauge kyrkje på Lærdalsøyri vart innvia i 1869. Kyrkjegarden er avgrensa av kyrkjegardsmuren. Den vestelege delen av muren vart fjerna i samband med ny veg forbi Hauge.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet, gbnr. 20/2. Vi har såleis ikkje avgjerande merknader til planen når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

Vi ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Vi ber difor om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgjande.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Med helsing

Solve Dag Sundbø
Seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

LÆRDAL KOMMUNE Postboks 83